



## Møtebok for Formannskapet

**Møtedato:** 30.04.2014  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 16:00 - 19:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Sølvi Knudsen	SP

---

### Desse møtte frå administrasjonen:

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen og økonomisjef Per Inge Olsen.

---

Formannskapet hadde pause frå kl. 18:20 - 18:30.

Protokollfører: Randi Hilland

---

Nils Marton Aadland  
ordførar

Randi Hilland  
konsulent

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
30/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
31/2014	Godkjenning av møtebok
32/2014	Aktuelle saker
33/2014	Orientering av rådmannen
34/2014	Rekneskap og årsmelding 2013
35/2014	Sluttrapport investeringsprosjekt nr 629 Vassleidning Fløksand - Vikebø
36/2014	Søknad om tilskot til breibandautbygging - 2014
37/2014	Klimaplan for Hordaland- Høyringsutkast

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &17	14/1818

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
30/2014	Formannskapet	PS	30.04.2014

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Formannskapet - 30/2014

#### FS - behandling:

#### FS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &17	14/1818

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
31/2014	Formannskapet	PS	30.04.2014

## Godkjenning av møtebok

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

#### Formannskapet - 31/2014

#### FS - behandling:

#### FS - vedtak:

Møtebok frå møte 19.03.14 vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nils Marton Aadland	FE - 033, TI - &17	14/1818

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
32/2014	Formannskapet	PS	30.04.2014

## Aktuelle saker

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

### Formannskapet - 32/2014

#### FS - behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

- Marit Jøssang: Nye nettsider gjer at når nytt møte vert oppretta og lagt på nett, så vert sakspapir til det forrige møtet fjerna.
  - Administrasjonen vil sjå på dette.
- Sigmund Larsen:  
Web-mail fungerer ikkje - informasjon frå IKT er at dei ventar på tilbakemelding frå Meland kommune.
  - Adminstrasjonen beklagar dette og opplyste om at Web-mail skal vere tilgjengeleg frå og med i dag 30. april.Status garasjesak på Vikebø.
  - Ordførar opplyste at kommunen ser seg ferdig med saka.Uheldig at det vert sendt ut pressemelding om rekneskap 2013 før formannskapet har fått handsama saka.
  - Ein såg det som nødvendig å sende ut pressemelding, då det verserte opplysningar på facebook som ikkje vart korrekte.Kva gjer vi i forhold til kommuneplan og habilitet?
  - Ordførar sa at ein vil følgje opp kurset om habilitet med eit møte med alle gruppeleiarane. Må ta saka om habilitet til kommunestyret.
- Ordførar:  
Gjenbruksstasjonen på Mjåtveit opnar 21. mai.  
Frank Mohn AS er seld. Dei nye eigarane vil kome på besøk 21. mai.

Status reguleringsplan er at saka ligg hos Frank Mohn AS.

Møte mellom Meland kommune og kystverket.

Gruppeleiarane skulle gje tilbakemelding dersom ein ville at saka om seglingeia skulle takast opp att. Berre KrF har gitt tilbakemelding. Saka vert difor ikkje teke opp på nytt.

Generalforsamling i BKK. Styret vedtok å gje utbytte til kommunen slik det er budsjettert.

Nordhordlandspakken har sendt forslag til Vegdirektoratet for godkjenning. Ordførar har bede styreleiar Pål Kårbø og konsulent Helge Hopen kome i kommunestyremøtet 14. mai og orientere.

Avduking av minnesmerke av Ivar Aasen vert 24. mai kl. 12:00. Ønskjer at formannskapet er tilstades på markeringa.

Markering av Grunnlovsjubileet vert 7. november på Nordhordland folkehøgskule.

· Åshild Aamli:

Ladestasjonar for el-bilar. Det kan søkjast om tilskot til slike. Informasjon om dette kan leggjast på nett-sida.

· Sigmund Larsen stilte spørsmål om samhandlingsreformen.

· Marit Jøssang stilte spørsmål om helsehuset.

Det vart opplyst at det er ei utfordring å finne tomt. Arbeid er i gang. Helsehuset må vere på plass i 2016.

#### **FS - vedtak:**

Formannskapet tek oreinteringane til etterretning.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 033, TI - &17	14/1818

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
33/2014	Formannskapet	PS	30.04.2014

## Orientering av rådmannen

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

#### Formannskapet - 33/2014

#### FS - behandling:

Det vart orienterte om følgjande:

- Anbodsrunde - vaskeri ved Meland sjukeheim.  
Kommunen har hatt ute anbod på vaskeriet to gonger. Første gong var det ingen som gav inn tilbod, 2. gong var det ein leverandør som leverte tilbod, men det var monaleg dyrare.  
Kommunen skal drifte vaskeriet vidare og har oppbemanna med ein 60 % stilling fordelt på reinhaldarar i delstillingar. Likevel har vi ca 30 % lågare bemanning grunna betre kombinasjon av reinhald og vaskeri.
- Samarbeidet med Lindås kommune om å føre lønsutbetaling for Meland kommune vert avslutta. Det er lyst ut etter ny konsulent og rekrutering pågår.
- Endringar i tenesteområdeleiargruppa.
- Gjeldande tariffavtale går ut i dag 30. april. Dersom dei sentrale partane ikkje kjem fram til semje innan kl. 24:00 går oppgjeret truleg til mekling.
- Regionalt samarbeid om samfunnstryggleik og beredskap.  
Bergen kommune har teke initiativ til eit regionalt samarbeid innan samfunnstryggleik og beredskap. Det er gitt midlar frå Fylkesmannen. Forslag til samarbeidsavtale vil verta lagt fram for politisk handsaming.

#### FS - vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	14/1791

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
34/2014	Formannskapet	PS	30.04.2014
30/2014	Kommunestyret	PS	14.05.2014
37/2014	Kommunestyret	PS	18.06.2014

## Rekneskap og årsmelding 2013

### Vedlegg:

Årsmelding 2013 Meland kommune

Årsrekneskap 2013 Meland kommune

Revisjonsrapport nr. 11 Årsrekneskapen 2013 og revisjonsmelding Meland 2013

Melding frå revisor - Fråsegn om årsrekneskapen

Særutskrift 14/14 Uttale til årsrekneskapen 2013

### Saksopplysningar:

Meland kommune leverer i 2013 det beste økonomiske resultatet i kommunen sin nyare historie. Kommunen har eit netto driftsresultat på kr 29,9 mill, som utgjør 6,4 % av sum driftsinntekter. Til samanlikning vart netto driftsresultat i 2012 på kr 2,2 mill (0,5% av driftsinntektene), slik at resultatbetringa i 2013 er på kr 27,7 mill. Trekk ein frå overføringar av momsrefusjon til investeringsrekneskapen og netto avsetningar til fond er resultatet på kr 21,1 mill. Revidert budsjett for 2013 syner eit netto driftsresultat på kr 19,2 mill. Resultatet er såleis kr 10,7 mill betre enn budsjett.

Netto driftsresultat på kr 29,9 mill er disponert slik etter krav i lover og forskrifter:

kr 5,1 mill er momsrefusjon som vert overført til investeringsrekneskapen

kr 5,2 mill er avsetning til bundne driftsfond

kr 1,5 mill er bruk av bundne fond

kr 21,1 mill til anna disposisjon.

Kommunen har pr 31.12.2012 til saman kr 18 073 417 i rekneskapsmessig meirforbruk frå tidlegare år må dekkjast inn. Av dette må kr 13 912 472 dekkjast inn i 2013, medan kr 4 160 675 må dekkjast inn i løpet av 2015. Rådmann gjer framlegg om at heile det rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på kr 18 73 417 vert dekka inn i 2013.



Etter dette sit kommunen igjen med eit netto mindreforbruk (overskot) på kr 3 007 080, som rådmann gjer framlegg om å avsetje til disposisjonsfond i trå med fylkesmannen sin kommentar i godkjenning av Meland kommunen sitt budsjett for 2014 i skriv datert 11. april 2014.

Kommunen sitt investeringsrekneskap viser at det er føreteke investeringar i anleggsmiddel på kr 47,6 mill, av dette er kr 13,05 mill til vassverk og avlaupsanlegg. Utlån og forskotteringar, avdrag på lån og avsetningar er på til saman kr 11,2 mill, slik at årets finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er på kr 58,8 mill. Revidert budsjett var på kr 61,3 mill, slik at det brutto i 2013 er ført kr 2,5 mill mindre i investeringsrekneskapen enn budsjettet.

Framlegg til årsmelding for 2013 og årsrekneskap for 2013 følgjer som vedlegg til saka. Årsmeldinga gjev ei utfyllande forklaring til det gode resultatet.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2013 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 007 080,-.
2. Rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på til saman kr 18 73 417 vert fullt ut dekkja inn i 2013.
3. Mindreforbruket for 2013 på kr 3 007 080 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

#### **Formannskapet - 34/2014**

##### **FS - behandling:**

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

##### **FS – framlegg til vedtak:**

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2013 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 007 080,-.
2. Rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på til saman kr 18 73 417 vert fullt ut dekkja inn i 2013.
3. Mindreforbruket for 2013 på kr 3 007 080 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

K

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen		14/1803

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
35/2014	Formannskapet	PS	30.04.2014
31/2014	Kommunestyret	PS	14.05.2014

## Sluttrapport investeringsprosjekt nr 629 Vassleidning Fløksand - Vikebø

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Prosjekt nr 629 • VASSLEIDNING FLØKSAND-VIKEBØ

Art		Regnskap 2013	Regnskap 2012	Regnskap 2011	Sum alle år:
32301	AVGIFTER OG GEBYRER	0	46 216	12 384	58 600
32302	GRUNN OG BETONGARBEID	10 237 413	7 828 558	0	18 065 971
32307	DIVERSE UTGIFTER	93	222	3 509	3 824
32700	KJØP AV KONSULENTTENESTER	0	247 586	44 848	292 434
32710	BYGGJELEIAR/PROSJEKIL EIAR	0	950	0	950
33500	OVERFØRING TIL KOMMUNAR	0	200 000	0	200 000
35003	BYGGJELANSRENTER	428 800	120 000	0	548 800
Sum utgifter:		10666 306	8 443 532	60 741	19 170 579
39100 BRUK AV LAN		-10 666 306	-8 443 532	-60 741	-19 170 579
Sum finansiering:		-10 666 306	-8 443 532	-60 741	1042 184
Sum prosjektbudsjett ikomm.styretsak29/2012		2 400 000	8 050 000	2 000 000	12450 000
Finansiering med lånemidler					
Awik (meirforbruk):					6 720 579

Prosjektet starta opp i 2011 og budsjettet for prosjektet vart siste gang handsama i sak 29/2012 der ramma 435610401510500 vart justert opp til kr 12,45 mill. Det har i heile 2013 vorte rapportert eit forventa meirforbruk på prosjektet, sist rapportert i sak F106/2013 med ein prognose på totalkostnad for prosjektet på kr 19,0 mill.

Sluttrekneskapan viser ein totalkostnad på kr 19,2 mill, som er eit meirforbruk på kr 6,7 mill. Meirforbruket i forhold til siste prognose på kr 0,2 mill skuldast høgare kostnadsførte byggjelånsrenter enn rekna med i prognosen.

Meland kommune praktiserer rammebudsjettering for investeringsutgifter og finansiering av investeringar. Kommunelova og tilhørande forskrifter set som krav at investeringar skal budsjetterast og finansierast innanfor det einskilde budsjettår, og at det er rekneskapsskjema 2A som skal vere styrande for denne budsjetteringa og der kommunen fastset rammer for investeringane.

Rekneskapsskjema 2A i årsrekneskapen syner at Meland kommune i 2013 ligg innanfor budsjettet med omsyn til vedtekne investeringsrammer. Kommunen har forskyving av ein del prosjekt frå 2013 til 2014 som gjer at ein på tross av meirforbruket på Fløksand-Vikebø-prosjektet totalt sett kjem ut innanfor budsjetttrammene.

Auke i budsjetttramma for 2014 for å dekke opp for forskyvinga av prosjekt frå 2013 til 2014 er vedteke i sak 18/2014 i kommunestyret.

Prosjektet er gjennomgått av revisjonen og deira rapport er handsama i sak 19/2014 i kommunestyret. Saka er og handsama i Kontrollutvalet i sak 04/2014. I begge saker er årsakene til meirforbruket gjeve ei utfyllande forklaring.

Rådmann arbeider med framlegg til nye rutinar og interne retningsliner for oppfølging av investeringsprosjekt i trå med tilrådingane frå revisjonen og kontrollutvalet. Der vil det gå tydeleg fram korleis eit prosjekt som dette skal følgjast opp og korleis rapportering og eventuelle avvik skal handterast.

#### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tar sluttrekneskapen for prosjekt 629 – Fløksand – Vikebø til orientering. Denne viser ein kostnad på i alt kr 19,2 mill, mot justert kostnadsramme på kr 12,45 mill gjev eit meirforbruk på kr 6,7 mill.

#### **Formannskapet - 35/2014**

##### **FS - behandling:**

##### **Framlegg til tilleggspunkt frå Marit Jøssang, KrF:**

Kommunestyret er kritisk til det store meriforbruket, jf. K-sak 19/2014.

##### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegget frå Marit Jøssang vart samrøystes vedteke.**

##### **FS - vedtak:**

Kommunestyret tar sluttrekneskapen for prosjekt 629 – Fløksand – Vikebø til orientering. Denne viser ein kostnad på i alt kr 19,2 mill, mot justert kostnadsramme på kr 12,45 mill gjev eit meirforbruk på kr 6,7 mill.

Kommunestyret er kritisk til det store meriforbruket, jf. K-sak 19/2014.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FA - N64	14/1656

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
36/2014	Formannskapet	PS	30.04.2014

## Søknad om tilskot til breibandutbygging - 2014

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunane er inviterte til å søkje om tilskot til utbygging av breiband. Det er berre kommunar og fylkeskommunar som kan søkje, og kommunale søknader må gå gjennom fylkeskommunen. Ordninga med tilskot til breiband skal vere ein hjelpar til at alle husstandar i Norge får eit grunnleggjande beibandstilbod av god kvalitet. Det er også mogeleg å få stønad til å auke kapasiteten på breibandet i områder der kapasiteten er låg, tilbodet er avgrensa og det ikkje er venta meir kommersiell utbygging i dei nærmaste åra.

Den offentlege stønadsordninga skal finansiere breibandsutbygging i områder der kommersielle aktørar ikkje fin det lønsamt å byggje ut breiband. Tilskotsordninga vart forvalta av Post- og teletilsynet (PT) i samspel med fylkeskommunane.

Regjeringa har løyvd om lag 160 millionar kroner over statsbudsjettet i 2014 til breibandstilskotsordninga. Midlane vert tildelt gjennom søknader og det er lagt opp til ei utlysing i 2014.

Fylkeskommunane skal vurdere og rangere søknader frå eige fylke, medan PT skal gjere ei endeleg avgjerd opp mot evalueringskriteria og den totale budsjettramma.

Det er seks evalueringskriterier for tildeling av breibandstønad:

1. talet på nye husstandar som får eit breibandstilbod, vekt 25 %
2. kostnadseffektivitet, vekt 20 %
3. lokal medfinansiering, vekt 10 %
4. plan for berekraftig drift, vekt 15 %
5. betring av eksisterande breibandstilbod, vekt 15 %
6. kva dette har å seie for lokal samfunnsutvikling, vekt 15 %

Tilskotsordninga skal sikre at midlane vert nytta på ein måte som utnyttar samfunnet sine resursar på ein mest mogeleg effektiv måte. Det vert lagt til grunn slike grunnleggjande føringar for ordninga:

1. Regelverk for utlysing, anbudsprosessar og rapporteringskrav skal leggjast til grunn for denne type stønadsordning. Ordninga og bruken av midlar skal vere i tråd med reglar for offentleg stønad og anna relevant regleverk, under dette reglar om etablering og forvaltning av tilskotsordningar i økonomireglementet for staten. Ordninga skal notifiserast i EFTA sit overvakingsorgan (ESA).
2. Ordninga skal fylgje EU sine retningsline for breibandstøtte, under dette kravet om at det i subsidierte nett skal tilbydast grossisttilgang til tredjepartsoperatørar.
3. Ordninga skal vere teknologinøytral. Det betyr mellom anna at både mobile, trådlause og faste breibandstilknytningar kan vere aktuelle for støtte.

### **Vurdering**

Det er berre kommunar eller fylkeskommunar som kan søkje om breibandstønad, ikkje private selskap eller privatpersonar. Det er derimot ikkje noko i vege for at fleire offentlege eller private partar kan samarbeide med ein kommune eller fylkeskommune om lokale forundersøkingar som gjer grunnlag for søknaden.

Kommunar som planlegg å søkje skal offentleggjere informasjon om kva for eit geografisk område den planlagde utbygginga gjeld med høyringsfrist på minst ein måned. Interesserte partar skal få høve til å gi innspel til kommunen før søknaden vert levert. Søknadsfristen er 6. juni.

Stønadsordninga er primært retta inn mot utbyggingsprosjekt som skaper eit tilbod om grunnleggjande breiband til husstandar som manglar dette i dag. Sekundært er det høve til å søkje om stønad også for prosjekt for kapasitetsauke i områder utan tilbod om høgkapasitets breiband (minst 30 Mbit/s) og der ein ikkje kan rekne med kommersiell utbygging av høgkapasitets breiband dei nærmaste åra.

Kva som vert oppfatta som «breiband av grunnleggjande god kvalitet» vil endre seg parallelt med den teknologiske utviklinga, nye tenestetilbod og brukarbehov. Ein brukar ulike teknologiar til å levere «breiband av grunnleggjande god kvalitet» til dømes ADSL-teknologi, kabel TV og mobil 3G-teknologi. Nye tenester og brukarbehov gjer det også naturleg å revurdere tidlegare definisjonar av kapasitetsbehov. Post- og teletilsynet har oppgåva med å definere kva ein legg i omgrepet «breiband av grunnleggjande god kvalitet» for denne tilskotsordninga. «Kvalitet» vil kunne omfatte fleire ting enn berre overføringskapasitet.

Eit «kvitt område» er eit omgrep i retningslinene til EU for statleg stønad til breibandsutbygging og vil seie eit geografisk område som manglar grunnleggjande breibandstilbod og kor det ikkje er rekna med kommersiell utbygging av slik t tilbod dei nærmaste åra.

I høve til omgrepet «kvitt område» gjeld det at breibandstilbod som har mindre enn 4 Mbit/s fart på nedlastinga ikkje vert rekna for å oppfylle kravet til «breiband av grunnleggjande god kvalitet». Breibandstilbos som fører med seg avgrensingar for normal bruk av tenester og innhald blir heller ikkje rekna for å oppfylle kravet. Dette gjeld m.a. lang tidsforseinking/responstid og avgrensa volumkvoter for nedlasting.

For å sikre at den offentlege stønaden ikkje fører til at det vert skapt lokale monopol, men heller utviklar og styrkjer det lokale marknadstilbodet med reell valfridom for sluttbrukar. Er det krav om at infrastruktur som får stønad skal vere open for tilgang for tredjepart. Tilgangen skal vere garantert i minst sju år.

Prosjekteigar må difor stille krav om tilgang for tredjepart i anbudsutlysinga. Om anbudet vert vunne av små lokale aktørar i område med spreidd busetnad, vil omfanget av tilgangsprodukt kunne bli avgrensa i høve til kva ein legg til grunn på nasjonalt nivå.

Søklar må dokumentere at det er gjort undersøkingar hjå relevante breibandsleverandørar for å sikre at det ikkje alt er sett i gang utbygging eller at det er vedteke planar for utbygging innafor dei nærmaste tre åra i det området det vert søkt stønad for.

Søklar kan be om lokale dekningskart for det området søknaden gjeld. Karta syner breibandsdekning i kvadrat på 100\*100 meter og det vert laga kart både for 4 Mbit/S («grunnleggjande breiband») og 30 Mbit/s («NGA breiband»).

Etablering av eit nytt og betra breibandstilbod vil typisk omfatte tre fasar; planleggingsfase, utbyggingsfase og driftsfase. Det vert berre gjeve stønad til kostnader knytt til utbyggingsfasen. Ordninga aksepterer heller ikkje at stønad går til dekking av kostnader som er oppsamla før vedtaksdato for tildeling av midlar.

Ordninga godkjenner at eigeninnsats frå prosjektdeltakarane i form av persontimar og indirekte kostnader vert ført som eigeninnsats. På førespurnad må søklar kunne leggje fram detaljerte timelister som viser korleis ein har rekna kostnadene for eigeninnsats.

Det hastar med å kome i gang med planleggingsfasen, om vi skal rekkje søknadsfristen 6. juni. Før Meland kommune kan søkje om tilskot må vi gjere ein del grunnleggjande undersøkingar for å avgjere kva område vi kan søkje om breibandstilskot til.

Utfordringa vert kravet om lokal medfinansiering. Rådmann legg til grunn at medfinansieringa vert dekkja av abonnentane, og at eland kommune ikkje går inn med anleggsbidrag. Før vi kan sei noko om kostnaden for kvar abonnement må vi ha ei kostnadsoverslag for den konkrete utbygginga. Dette arbeidet må startast opp så snart vi har definert konkrete utbyggingsområder.

### **Konklusjon**

Meland kommune set i gang arbeidet med å etablere eit nytt og betre breibandstilbod i kommunen. Oppstart av utbygging og eventuell utbetring føreset at den lokale medfinansieringa vert dekkja av abonnentane.

### **Framlegg til vedtak:**

Meland kommune set i gang arbeidet med å etablere eit nytt og betre breibandstilbod i kommunen. Oppstart av utbygging og eventuell utbetring føreset at den lokale medfinansieringa vert dekkja av abonnentane.

## **Formannskapet - 36/2014**

### **FS - behandling:**

#### **FS - vedtak:**

Meland kommune set i gang arbeidet med å etablere eit nytt og betre breibandstilbod i kommunen. Oppstart av utbygging og eventuell utbetring føreset at den lokale medfinansieringa vert dekkja av abonnentane.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE - 122	14/1043

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
37/2014	Formannskapet	PS	30.04.2014
32/2014	Kommunestyret	PS	14.05.2014

## Klimaplan for Hordaland- Høyringsutkast

### Vedlegg:

Klimaplan for Hordaland - handlingsplan 2014

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Fylkesutvalet vedtok 20. januar 2014 i sak nr. 31/2014 å senda utkast til klimaplan for Hordaland 2014-2030 på høyring. Klimaplan for Hordaland har status som regional plan i medhald av Plan- og bygningslova § 8-1.

Klimaplan for Hordaland 2010-2020 skal rullerast etter 4 år. Det er slått fast i Regional planstrategi 2012- 2016. Rulleringsarbeidet starta opp etter at Fylkesutvalet vedtok planprogram i april 2013. Hovudvekt er lagt på energitemaet og tema om tilpassing til klimaendringar. Gjeldande klimaplan for Hordaland 2010-2020 er omfattande og dekkjer store delar av samfunnslivet i Hordaland. Utkast til plan for perioden 2014-2030 er ei rullering av den førre planen og byggjer i stor grad på den førre planen, men det er nye målformuleringar på fleire tema.

Fylkesutvalet ber særleg om kommentarar og innspel på mål og strategidelen av planen, inkl. forslag til nye felles tiltak.

### Vurdering

Klimaplan for Hordaland er ein omfattande plan med mange gode mål og strategiar for å skape eit meir klimavenleg samfunn.

Visjon: Hordaland på veg mot lågutsleppsamfunnet.

#### Mål

##### Klimagassutslepp

Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991.

#### Energi

Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Energiforbruket til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.



## Tilpassing til klimaendringar

Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet og stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.

Kommunane som no er invitert til å kome med innspel til planen har ei svært viktig rolle i klimaarbeidet. Kommunen er stor tenesteproducent, eigar av bygg, anlegg og infrastruktur og har ansvar for vatn, avlaup og avfall. Kommunen er planstyres-makt og gjev føringar for lokalisering, utforming og utbygging av bustader, arbeidsplassar, friluftsaerial og lokalt vegnett, inklusiv gangveggar og sykkel-veggar. Såleis har mange av strategiane direkte verknad inn i den kommunal kvardagen.

Meland er ein av kommunane i Hordaland med størst folketalsauke, mange av tema som er peika på i klimaplan er såleis svært relevante, særleg med tanke på arealbruk, transport og klimavenlege bygg.

## Klimavenlege bygg

Når det gjeld strategien «klimavenlege bygg» er det positivt at Fylkeskommunen ynskjer å satse på dette område. Meland kommune som organisasjon er svært medveten på arbeidet med energieffektivisering av kommunale bygg, både av omsyn til økonomi og klima. Klimavenlege bygg og bruk av miljøvenleg materialbruk er tema som vert sett på dagsorden med utbyggjar. Vi imøteser og strategien der det er peika på at ein skal arbeide med å auke kompetanse og rådgjeving i høve til å skape meir klimavenlege bygg i Hordaland. Her vil vi understreke kor naudsynt det er med eit nært forpliktande samarbeid med private aktørar i dette spørsmålet.

## Areal og transport

Mål: Hordaland skal ha eit berekraftig utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet, stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser, og unngår nedbygging av verdifulle areal.

Meir konsentrert utbygging vil redusere transportbehovet. Dette er og i tråd med dei føringar Meland har arbeida etter i rulleringa av arealplan for kommunen.

Vidare peiker ein i planen på auka satsing på kollektivtransport og utbygging av gang og sykkelvegnettet.

Meland vil understreke kor viktig det er å stase på gang / sykkelveggar og kollektivtransport. Folketalet aukar og vi har eit regionalt bu og arbeidsmarknad med stor grad av pendling både innan Nordhordlandsregionen og Bergen. Dersom ein skal nå målet med å redusere, biltrafikk MÅ ein skape eit godt kollektivtilbod med direktebusser og hurtigbåt. Under punktet om kollektivtransport er det skriva at det er dei mest trafikkerte områda i Bergensområde som treng auka kapasitet. Her vil Meland kommune peike på at auka kollektivsatsing også i dei bynære kommunane, vil gje ein klimagevinst.

Skal ein nå målet om å få ned biltrafikk samstundes som folketalet aukar, må det vere ei omfattande satsing på gang og sykkelveggar, særleg på det regionale vegnettet.

Vidare vil satsing på gang og sykkelveggar også vere eit viktig tiltak som gjev ringverkander, også innan andre samfunnsområder som folkehelsearbeidet.

Å endre rammevilkår for bilparken er nasjonale verkemiddel for å redusere utslepp, då må det tilretteleggjast til dømes for elbilar. Det er såleis eit godt mål at det skal satsast på elbil-ladestasjonar i heile fylket, slik at ein kan bruka elbil også utanom byane. I tillegg til å satsa på hovudvegane, bør utbygging skje spesielt der det ikkje er god kollektivdekning. Her bør fylkeskommunen vera aktiv pådrivar i utbygginga m.a. ved å bidra økonomisk.

## Strategiar for næring

Her er det peika på at det skal vere eit klimafokus i regional næringsplan for Hordaland.

Strategien med å arbeide for velfungerande og attraktive senter vil Meland slutte seg til. Det å satse på og gje rom for entrepenørskap og innovasjon vil og vere med på å utvikle meir klimavenlege samfunn.

### **Framlegg til vedtak:**

Meland kommune har følgjande uttale til framlegget til revidert Klimaplan for Hordaland 2014-2013: Satsingsområda klimagassutslepp, reduksjon av energibruk og tilpassing til klimaendringar er gode overordna mål som også Meland kommune arbeider etter og slutter seg til. Planen peiker på auka satsing på kollektivtransport og utbygging av gang og sykkelvegnettet. Meland vil understreke kor sentralt dette punktet er. Dersom ein skal nå målet om å få ned biltrafikk, samstundes som folketalet aukar må det vere ei omfattande satsing på gang og sykkelveggar, særleg på det regionale vegnettet. Vidare må ein for å nå målet med å redusere biltrafikk skape eit godt kollektivtilbod med direktebusser og hurtigbåt. Under punktet om kollektivtransport, er det skrive at det er dei mest trafikkerte områda i Bergensområde som treng auka kapasitet. Her vil Meland kommune peike på at auka kollektivsatsing også i dei bynære kommunane, vil gje ein klimagevinst. Det er positivt at det skal satsast på elbil-ladestasjonar i heile fylket. Nytt pkt. 5.15 e) Idretts- og kulturanlegg. I tillegg til å satsa på hovudvegane, bør utbygging skje også der det ikkje er god kollektivdekning. Her bør fylkeskommunen vera aktiv pådrivar i utbygginga m.a. ved å bidra økonomisk. Når det gjeld strategien «klimavenlege bygg» er det positivt at Fylkeskommunen ynskjer å satse på dette område. Her er det viktig å arbeide for å inngå eit forpliktande samarbeid med offentlege og private aktørar i bransjen.

### **Formannskapet - 37/2014**

#### **FS - behandling:**

**Framlegg til tilleggspunkt - frå Åshild AAmli, SAM:**

"pkt. 5.15

e) Idretts- og kulturanlegg"

#### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til tilleggspunkt frå Åshild Aamli vart samrøystes vedteke.**

**FS – framlegg til vedtak:**

Meland kommune har følgjande uttale til framlegget til revidert Klimaplan for Hordaland 2014-2013: Satsingsområda klimagassutslepp, reduksjon av energibruk og tilpassing til klimaendringar er gode overordna mål som også Meland kommune arbeider etter og slutter seg til. Planen peiker på auka satsing på kollektivtransport og utbygging av gang og sykkelvegnettet. Meland vil understreke kor sentralt dette punktet er. Dersom ein skal nå målet om å få ned biltrafikk, samstundes som folketalet aukar må det vere ei omfattande satsing på gang og sykkelveggar, særleg på det regionale vegnettet. Vidare må ein for å nå målet med å redusere biltrafikk skape eit godt kollektivtilbod med direktebusser og hurtigbåt. Under punktet om kollektivtransport, er det skrive at det er dei mest trafikkerte områda i Bergensområde som treng auka kapasitet. Her vil Meland kommune peike på at auka kollektivsatsing også i dei bynære kommunane, vil gje ein klimagevinst. Det er positivt at det skal satsast på elbil-ladestasjonar i heile fylket. Nytt pkt. 5.15 e) Idretts- og kulturanlegg. I tillegg til å satsa på hovudvegane, bør utbygging skje også der det ikkje er god kollektivdekning. Her bør fylkeskommunen vera aktiv pådrivar i utbygginga m.a. ved å bidra økonomisk. Når det gjeld strategien «klimavenlege bygg» er det positivt at Fylkeskommunen ynskjer å satse på dette område. Her er det viktig å arbeide for å inngå eit forpliktande samarbeid med offentlege og private aktørar i bransjen.